

Til årsmøtet i Vofo 2023

## Innstilling frå valkomiteen

### 1. Arbeidet i valkomiteen

Valkomiteen har vore samansett av Eli Ulvestad (Studieforbundet kultur og tradisjon), Liv Bakke Kvinlog (Musikkens studieforbund), Christian Skyum (Studieforbundet AOF), Anders Røberg-Larsen (Idrettens studieforbund) og Ingebjørg Gram (Studieforbundet Livslang Læring). Valkomiteen har hatt eitt digitalt møte, og har elles kommunisert på e-post.

Komiteen har lagt Vofo sine vedtekter samt retningslinene for valkomiteen til grunn for sitt arbeid. Årsmøtet i Vofo skal velje eit styre på 8 medlemmer, inkludert leiar og nestleiar. I følgje Vofo sine vedtekter skal halvparten av styret vere på val kvart år, slik at ein er sikra både kontinuitet og moglegheit for fornying.

### 2. Innstilling til nytt styre

I år er det leiar og nestleiar som er på val, i tillegg til to styremedlemmer. Valkomiteen fekk tilsaman fem nominasjonar til desse fire plassane, men to av nominasjonane var frå same studieforbund. Dette gjer naturleg nok at berre den eine kandidaten er med i innstillinga.

Heile tre av styremedlemmene som var på val, inkludert leiar og nestleiar, er renominert og innstilt for ein ny periode i styret. Dette gir eit styre med god kontinuitet. Senterpartiets studieforbund går ut av styret, men blir erstatta av ein representant frå Venstres studieforbund. Valkomiteen er nøgd med at ein på denne måten framleis har ei kopling til dei politiske partia i styret.

Verv	Kandidat	Studieforbund	Status	Valperiode
Leiar	Hege Irene Fossum	K-Stud – Kristeleg studieforbund	Attval	2023-2025
Nestleiar	Geir Barvik	Studieforbundet livslang læring	Attval	2023-2025
Styremedlem	Ludvig Claeson	Musikkens studieforbund	Attval	2023-2025
Styremedlem	Håkon Frode Særsten	Venstres studieforbund	Ny	2023-2025
Styremedlem	Marit Jacobsen	Studieforbundet kultur og tradisjon	Ikkje på val	2022-2024
Styremedlem	Roger Håkon Skår	Studieforbundet Funkis	Ikkje på val	2022-2024
Styremedlem	John Harald Skum	Samisk studieforbund	Ikkje på val	2022-2024
Styremedlem	Tina Marii Skare	Studieforbundet Natur og miljø	Ikkje på val	2022-2024

*Andre nominerte kandidatar:*

- Siri Bløtekjær, Studieforbundet Livslang læring

#### **Presentasjon av innstilt ny styremedlem:**

*Håkon Frode Særsten* har lang erfaring med utvikling av E-Læring, noe som han startet med i 1986, og har arbeidet med utvikling av programmer innen sikkerhet, salg og administrasjon og varierende kurs innen IKT. Han har mange års erfaring fra internasjonalt arbeid innen opplæring og media i hjelpeorganisasjonen Worldview Global Media i Asia og mangeårig leder i selskapet Chiron i Estland. Han startet opp et asylmottak for enslige mindreårige som han drev i 3 år. Han er engasjert i organisasjonsarbeid og har arbeidet i flyktingleirer i Hellas, Frankrike og Polen. Vært styreleder i Venstre Studieforbund siden 2018.

### **3. Innstilling til revisor**

Valkomiteen innstiller på attval av AS Revision v/Jon Inge Solberg som revisor for Vofo.

3. mars 2023

Eli Ulvestad

Liv Bakke Kvinlog

Christian Skyum

Anders Røberg-Larsen

Ingebjørg Gram